



Advokatfirmaet Harris DA
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2004 - 18/21531

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

29.06.2018

Løyve til oppretting av ny grunneigedom - GBNR 137/94 Alver

Administrativt vedtak: Saknr: 347/18

Heimelshavar:

Gerd Tove Orvedal

Søkjjar:

Advokatfirmaet Harris DA

Søknadstype:

Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.
Søknad om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av om lag 13 m² frå gbnr. 137/94, parsellen er synt på kart og er omtala som areal 2a.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.06.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 08.06.18 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Kubbaleitet gnd. 137 bnr. 38 mfl/planid.: 1263-201215 er definert som anna veggrunn.

Frådelinga er ledd i realisering av gjeldande reguleringsplan.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan datert 07.05.18.

Tilkomst, avkøyrsløse og parkering, vatn og avløp (VA)

Etablering av veg, vatn og avløp inn i planområdet er under trinnvis utbygging og handsama i sak 18/74 vedtak datert 07.02.18 og sak 18/1501 vedtak datert 08.06.18. Det aktuelle arealet er del av infrastruktur i området knytt til f_V7 og f_V6.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING:**Naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vurdering av pbl § 26-1

Oppretting eller endring grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-2, jf pbl § 20-1 første ledd bokstav m). Det føl vidare av pbl § 26-1 at oppretting/endring av eigedom ikkje må skje på ein slik måte at det oppstår forhold i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er eigna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Den omsøkte frådelinga er ledd i realisering av reguleringsplan Kubbaleitet for å sikre tilgang til areal knytt til etablering av infrastruktur i planområdet, parsellen er lita og uegna til bebyggelse, arealet er regulert veggrunn. Det går fram av brev datert 30.05.18 at partane er einig om at det aktuelle arealet vert oppretta som eigen grunneigedom som så vert overført til Sommerro Panorama AS.

Plassering

Parsellen vert godkjent plassert slik som synt i situasjonsplan datert 07.05.18, vist som parsell 2a.

Konklusjon

Administrasjonen godkjenner frådeling som omsøkt på vilkår av at den nye parsellen vert samanføyd med gbnr. 137/68.

Det vert gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på om lag 13 m² frå gbnr. 137/94.

Privatrettsleg

Det ligg føre fullmakt gitt Advokatfirmaet Harris til å søke om frådeling, oppmåling og matrikkulering mm, fullmakt signert 16.04.18.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom, parsell 2a, på om lag 13 m² frå gbnr.137/94 på følgande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan datert 07.05.18, parsell 2a, jf. pbl. § 29-4.
2. Nøyaktig storleik på arealet vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.
3. Den nye parsellen, parsell 2a, skal samanføyast med gbnr 137/68 eller anna tilgrensande eigedom etter eigedomsoverdraging til Sommerro Panorama AS. Vilkåret er heimla i plan- og bygningslova § 21-4 (5) bokstav b.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Oppmåling

Saka vert oversend Geodata avdelinga. Sakshandsamingsfrist er 16 veker, jf. matrikkelforskrifta § 18. Fristen vert forlenga med den tida som går med til tinglysing og eventuell supplering av opplysingar frå rekvirenten. Kommunestyret har vedteke at tida 01.12-31.03. er vintersesong. Kommunen og rekvirenten kan avtale lengre frist, men ikkje lengre enn 2 år, jf. matrikkellova § 35.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.18/2004.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokatfirmaet Harris DA	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Gerd Tove Orvedal	Morviksanden 10	5124	MORVIK
Sommerro Panorama AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ
Sommerro Panorama AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Advokatfirmaet Harris DA	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
--------------------------	-------------------------	------	--------